

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Fellesnemnd	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 17/1868	Klassering:

Kulturkomité

Framlegg til vedtak

- Fellesnemnda set ned ein kulturkomité beståande av ordførarar og kulturmedarbeidrarar i Radøy, Meland og Lindås samt informasjonskonsulent i Lindås kommune.
- Komiteen skal arbeide innanfor rammene gitt i mandat for «Identitet, symbol og felles kultur» og «Kommunikasjon».
- Komiteen arbeidar i første omgang fram til kommunikasjonsstrategien er vedteken. Ut i frå konklusjonane i kommunikasjonsstrategien kan komiteen sin virketid bli forlenga.
- Komiteen rapporterer til fellesnemnda om planlagde og gjennomførte tiltak.
- Komiteen sitt arbeid vert ikkje organisert som eit prosjekt.
- Fellesnemnda ber kulturkomiteen om å legge fram ein sak om korpsenes år i samarbeid med programleiinga til neste møte i fellesnemnda. Saka skal sjå på korleis dei tre kommunane kan samarbeide om korpsenes år for å støtte opp om arbeidet med å bygge Alver kommune.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

I mandatet for «Identitet, symbol og felles kultur» er eit av resultatmåla; «Operasjonalisere kommunikasjonsplanens målsettingar for kulturelle og identitetsskapande tiltak for innbyggjarane. (Når kommunikasjonsplanen er vedteken våren 2018)». Det er behov for å starte med kulturelle og identitetsskapande tiltak før kommunikasjonsplanen er vedteken.

Kommunikasjonsstrategien skal syne korleis kulturelle og identitetsskapande tiltak kan plasserast inn i ein heilskap.

Saksutgreiing

For å komme i gang med kulturelle og identitetsskapande tiltak er det behov for å sette ned ein komité som både kan koordinera og gjennomføre slike tiltak.

Det er ikkje avsett eigne ressurspersonar til å drive slikt arbeid ennå. Om ein skal kome i gang med arbeidet må ein spille på ressursar som allereie er i kommuneorganisasjonane.

Ordførarane har frå før ein sentral rolle i omdømmebygginga i eigne kommunar.

Kulturmedarbeidarar kan bidra både med forlag til gode kulturelle og identitetsskapande tiltak og i den praktiske gjennomføring av desse. Kulturmedarbeidarane har også god oversikt over lokale krefter som kan bidra i arbeidet.

Kommunikasjonskonsulenten i Lindås er tatt med for å handtere kommunikasjon knytt til det einskilde tiltak samt å vurdere føreslårte tiltak i ein kommunikasjonsmessig samanheng.

Vurdering

Det er viktig å kome i gang med kulturelle og identitetsskapande tiltak. Ein kulturkomité er ein god måte å organisere dette arbeidet våren 2018. Om komiteen skal halde fram arbeidet etter at kommunikasjonsstrategien er vedteken vert å kome attende til.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost